

VEDTEKTER STORD KOMMUNALE UTVIKLINGSFOND



Fastsette av Stord kommunestyre, 17.02.22, sak PS 8/22

§ 1 FØREMÅL

Stord kommunale utviklingsfond skal nyttast til tiltak for å styrka attraktiviteten og fremja grøn omstilling i Stord kommune.

§ 2 KAPITAL

Fondet kan tilførast midlar på følgjande måtar:

Renter og annan avkastning av fondsmidlane skal tilbakeførast til fondet. Det same gjeld salssummen av aksjar og innløyste utlån som har vore finansiert av fondet.

Fondet skal som hovudregel tilførast nye midlar kvart år i samband med budsjetthandsaminga. Storleiken vert fastsett av kommunestyret.

§ 3 RAPPORTERING

Det skal rapporterast om aktiviteten i fondet i årsmeldinga til kommunen.

§ 4 FONDSSTYRE, FORVALTNING

Formannskapet er fondsstyre og har fullmakt til å disponera fondskapitalen til tiltak og prosjekt som er i samsvar med føremålet for fondet.

Støtte frå fondet kan gjevast som lån og/eller tilskot. Fondet kan nyttast til å finansiera kommunale prosjekt. Utlån frå fondet skal skje på vilkår 3 mnd. Nibor rente med påslag 0,25. Nedbetalingstid skal fastsettast av fondsstyret.

§ 5 FORVALTNING

Plassering av fondsmidlane skal inngå i kommunen si samla kapitalforvaltning.

§ 6 VEDTEKTSENDRINGAR

Desse vedtektene kan berre endrast av kommunestyret.